



www.voss.kyrkja.no

Nr 3 | 2022 | 81. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene

5 KONFIRMANT
2023

7 BORNAS
EIGNE
SIDER



DE HISTORISKE



Asta, Fredrik, Signe og Marie Fleischer

DÅP, KONFIRMASJON, BRYLLUP, MERKEDAGER OG SMÅ OG STORE SELSKAP

T: 56 52 05 00

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider er 09:00-15:00 alle dager utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er også tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølvsagt.

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon: 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjevevje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post cs222@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post

ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

tlf 417 04 958. E-post as257@kyrkja.no

Ungdomsprest Vette Leksbø

tlf 947 93 477. E-post vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post eg395@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger Orlaug Botnen

Styve, tlf 901 12 538

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

tlf 468 98 970

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje Trond

Olav Neteland, tlf 957 02 327

Gravar Vidar Bryn, tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjenytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Neste nummer av Kyrkjenytt kjem i veke 26. Frist for melding om stoff er torsdag 9. juni.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss, og fung.

sokneprest i Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin

Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsida: Åshild Bøe Kharazmi.

S 3: BBC Creative, unsplash.com.

 **Gravplass i Voss**

Gravplassadministrasjonen i

Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve

Trykkeri: Molvik Grafisk AS

Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.



Me går tilbake til den tid då slavehandelen stod «i full blomst», me ser for oss ein slik auksjon. Den eine føre og den andre etter, vert førde fram, sett opp i høgda for å få fram alle detaljar, utsjånad, styrke, alder osv. Ingen måtte kjøpa «katta i sekken».

Der kjem det ein atten år gamal gut, sjølvstekt farga. Både faren, og bestefaren hadde arbeidd som slavar på bomullsmarkene. I dag var det Joe sin tur. Ein frisk, sterk ungdom. Her måtte ein kunna tena pengar! Han stod der nær sagt til spott og spe. Plantasjeeigarane betrakta Joe inngåande og diskuterte høglytt kva verdien av dette mennesket kunne vera. 50 dollar baud ein, 100 ein annan. Nei 200 kunne ein strekkja seg til - den eine godseigaren baud høgare enn den andre. Resultatet vart 550 dollar. Det var visst slik «midt på treet pris». Kva Joe måtte føla står det ingen ting om. Men ikkje trur eg at det var så hyggeleg!

Kan me greia tenkja oss at det var me, du eller eg, som står slik! TIL SALS!

Har du tenkt over kva marknadspris du har? Eg - ligg eg «midt på treet»? Kva kan eg i tilfelle brukast til?

Kanskje nokon i vår ungdom «baud» på oss, for å få oss med i flokken? I det gode si teneste – søndagsskule, ungdomsarbeid, og seinare i alt frivillig organisasjonsarbeid. Kva kunne dei tilby? Ikkje pengar, firmabil, storslått hus eller hytte! Nei, arbeid på «golvplanet». Men løna kunna vera verdfull, om ikkje det var pengar. Godt venskap, interessant arbeid, gjevande felles opplevingar. Kanskje var det nokon i ein annan flokk som baud meir. Friheit, heitte det, endeleg å få gjera som eg ville, koma til lettvinde løysingar, lettente pengar, eller eigedom, ikkje så nøye med korleis ein fekk tak i det. Ein var «sin eigen lykkes smed». Mange har nok angra på at det var der dei hamna. Men ikkje alle har hatt like lett veg i livet, og difor hadde vanskar med å ta rette valet. Me lyt tenkja på det og, ikkje døma nokon! Med same bakgrunn, same påverknad kunne det kanskje vore både du og eg som stod i den flokken.

Tilbake til Joe. Då dei kom heim vart han og godseigaren sitjande og prata saman utanfor luksurvillaen. Joe

fortalte om heile familien sin, kva dei hadde opplevd og kvar dei no var. Godseigaren lytta interessert og då det lysna ved daggry neste dag, sa han til Joe:

«Joe, frå no ynskjer eg at du ikkje lenger skal vera slave, men ein FRI MANN.»

Joe vart sitjande å sjå på sin nye arbeidsgjevar, med spørjande augo.

«Meiner du verkeleg at eg er...»

«Ja, du er fri.»

«Men,» stotra Joe.

«Eg har kjøpt deg fri, viss du vil kan du gjerne dra av stad til dine kjære, eller du kan vera her hjå meg, ikkje som slave, men som ein fri mann.»

Kva han valde stod det ingen ting om. Men eg føler at me no er midt inni påskeevangeliet!

Har me høyrt desse orda før: «Eg har kjøpt deg fri - du er FRI. Gjer med fridomen som du vil.» Var det lett for Jesus å kjøpa oss frie? Nei, tenk på stunda i Getsemane, hjå Annas, Kaifas, Pilates og stunda på korset, mest av alt. Tykkjer me høyrer fortvilninga i orda: «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg.» Den augneblinken då Jesus vart pålagd ALL synd i verda. Då Gud såg på han som den største syndaren i verda. Der låg di og mi synd! Enkelt var det så visst ikkje for Jesus. Men han gjorde det enkelt for oss. Den som tek imot han vil han gjera fri, no i dette livet, men og på den store dagen då me må stå til ansvar for våre misgjerningar. Gud må døma oss, for han toler ikkje synd. Då kjem Jesus stille og stiller seg framfor oss og seier til Gud. «Han/ho er skuldfri. FRI! Eg, sonen din, har betalt for dei – kjøpt dei frie. For dei syndene du far no nemner, det er då dei eg gjorde opp for, på korset.»

Det var verkeleg fridom.

Me fekk til og med ein talsmann som kunne vera med oss i kvardagen. Gjev oss kraft og styrke kvar dag!

Det skal me få høyra meir om no i pinsehøgtida. Me er aldri åleine! Skulle ikkje me vera endå meir forundra og takksame enn Joe var for sin fridom?

God pinse!

Tomm Kristiansen til Kyrkjeakademiet/Senioruniversitetet

Me er glade for at me no kan melda at Kyrkjeakademiet er i aktivitet att etter ei stille tid under pandemien. Meerså heldige at me i samarbeid med Senioruniversitetet har fått Tom Kristiansen til Voss kulturhus onsdag 25. mai. Temaet er: « Er det typisk norsk å vera god?»

Tomm Kristiansen er journalist og forfattar, særleg kjend som utanrikskorrespondent for NRK og var i to periodar korrespondent i Afrika. Mange

kjenner han som «stemma frå Afrika». Han har også vore kommunikasjonssjef for den internasjonale humanitære alliansen ACT Alliance ved Kyrkjenes Verdsråd i Geneve.

Denne gongen er altså føredraget i kulturhuset på dagtid. Sjå lysing i Hordaland.

Torill M. Ringheim, for styringsgruppa i Voss Kyrkjeakademi

Vinnaren av påskekonkurransen vart **Anders Gjerme Rode**, 7 år.
Hurra og gratulerer!



TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no


SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

 **KIRKENS SOS**

Open kyrkje i Vangskyrkja – måndagar



Velkommen inn til ei stille stund i Vangskyrkja måndager 18-21.

Her er rom for stillheit, ro og ettertanke. Du kan tenne eit ljøs for nokon du tenkjer på, møte andre mennesker, be eller berre sitte å lytte til stille musikk.

Tidebøn kl 18.00.

Velkomen.

KONFIRMANT*

2023

I disse tider har alle ungdomane fødde i 2008 og som er medlemmer i kyrkja, fått invitasjon i posten til å melda seg som konfirmant. Invitasjonen finn de òg på nettsida vår.

Tysdag 24. mai har me informasjonsmøte om neste års konfirmantopplegg for ungdomar fødde i 2008, frå **Voss, Evanger og Raundalen sokn**.

- K. 15:00: Ungdomar i A-, B- og C-klassane på Voss ungdomsskule får ein smakebit på konfirmantopplegget.
- Kl. 16:00: Ungdomar i D-, E- og F-klassane på Voss ungdomsskule får ein smakebit på konfirmantopplegget.
- Kl. 17:00-18:00: Informasjonsmøte for både ungdomar og føresette.

Påmeldinga skjer på skjemaet som ligg på nettsida vår, www.voss.kyrkja.no. Me har påmelding fram til 10. juni (Voss, Evanger og Raundalen).



Det går an å melda seg seinare òg, men me ynskjer å få påmeldinga slik at me veit kor mange konfirmantar me får vera i lag med, i god tid før skulestart i haust.

For Vossestrand og Granvin er fristen når sommarferien startar.

I **Granvin** sokn vert det informasjonsmøte i Granvin kyrkje onsdag 1. juni kl 18.

I **Oppheim sokn** og **Vinje sokn** vert det informasjonsmøte i Oppheim kyrkje onsdag 15. juni kl 17.

Opplev livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene



For å gi deg eit innblikk i kva kyrkjeleg konfirmanttid går ut på, deler konfirmantane i år frå livet som konfirmant på TikTok #konfirmantene.

Misjonsprosjektet



No kan alle høyre og lesa det!

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

«Ting tar tid, spesielt når ein ynskjer å gjera eit godt og grundig arbeid. Ikkje minst når noko ein har jobba med i årevis vert ferdig». Det fortel Klaus-Christian Kuspert frå Etiopia. Målet med arbeidet var at Det Nye Testamentet ikkje berre skulle gjevast ut i bokform, men også som lydfil på SD kort som kan setjast inn på elektroniske medier.

Borgarkrig i tillegg til korona-pandemien gjorde at arbeidet vart vanskelegare. Men no kan dei kristne i Gumuz området, gamle og unge i byar og på landsbygda, høyra Det Nye Testamentet på morsmålet sitt. Hambisa, Lozran og Beyata har oversett til gumuz og deretter lest inn teksten på SIL sitt studio i Addis Abbeba.

Hambisa Ayana er leiar i Ungdomssenteret i Kamashi og aktiv i den nye Mekane Yesus synoden i Blånildalen. Ho har fått 200 SD minnekort frå SIL. Dei skal fordelast til menighetene på begge sider av Nilen. I tillegg kan privatpersonar kjøpa SD kort. Enno lettare vert det for dei som har smarttelefon og internetttilgang. Dei kan lasta Det Nye Testamentet med lyd og tekst gratis som ein mobilapplikasjon/app. Appen vert brukt i sundagsprogram i kyrkja, i bibelgrupper og til individuell lytting.

«Det er framleis mange som ikkje kan lesa, men mest alle har mobiltelefon. No kan alle høyra Guds ord på gumuz», seier Hambisa. Likevel ser dei fram til å få Bibelen på trykk! I så måte er det gode nyhende frå Bibelselskapet. Trykkinga i Korea er i gang og dei reknar med at bøkene vil koma fram til Blånildalen dette året.

Be om at arbeidet med å gjera Guds ord kjent må lukkast.

Misjonsprosjektet har eigen Vipps-konto: 505877.



Foto: Hambisa Ayana




Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

f Trusopplæringa i Voss

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss. Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døpte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgaver og konkurransar.



Borna sin påskefest



I vekene før påske var alle sjuåringar frå heile Voss inviterte til påskefest i fire av kyrkjene våre. På denne T-dagen leikar me oss igjennom alle dagane i påskeveka:

Palmesøndag med inntog i Jerusalem, der me viftar med palmegreiner og hyller den store kongen som kom ridande på eselet.

Skjærtorsdag med fotvasking og det siste måltid. Her trekker me linjene til nattverden og kva tyding den har for oss.

Langfredag med Golgata og krossfesting.

1. påskedag med oppstode og påskefest.

Alle er også inviterte til gudsteneste der påskehøgtida vert markert. På denne måten kjenner borna til kva dei ulike dagane i påska tyder når me så går inn i den ordentlege påskeveka.

T₇

Granvin



Bryting av brødet under nattverda

T₇

Voss og Raundalen



Forteljing av påskehistoria

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₇

Vinje og Oppheim



Me skrapar fram påskebileter



Fruktpause. På T-dagane er det ofte noko å bite i. Måltidfellesskap er viktig. Anten me sit rundt eit bord, eller kosar oss på golvet.

T₇

Evanger



Eit enkelt påskemåltid med "brød og vin". Her i form av brød og druejuice.



Under gudstenesta får både born og vaksne ta del i den ordentlege nattverda



Me dramatiserer fotvaskinga



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Hjelpe-T-konfirmantar



Konfirmantane våre vel ulike undervisingsgrupper dei tek del i. Det eine alternativet dei har er å vera Hjelpe-T-konfirmant. Dette er ei gruppe konfirmantar som deltek på T-dagar og på Superonsdag. I år har 20 fantastiske konfirmantar vore med. Målet er at ungdomane skal få leiartrening, samstundes som dei får med seg innhaldet på dei ulike T-dagane og Superonsdagane. Borna får ungdomar å leika med, og dei ansatte får kjempegod hjelp til praktiske gjeremål. No har me avslutta årets Hjelpe-T-konfirmantgruppe. Det gjorde me med temaet påske og tur i kyrkjetàrnet i Vangskyrkja. Her er halve gruppa oppe i tårnet. Så vonar me at me til hausten får nok ei fantastisk Hjelpe-T-konfirmantgruppe.

Bibelsmugling, leik og gudsteneste med konfirmantane

Ei helg i mars samla me alle konfirmantane i Vonheim og Vangskyrkja for å gjere nokre av tinga me gjerne gjer på konfirmantweekend på Helgatun. Me leika og var med på gudsteneste. Me åt bollar og pizza. Og me smugla bibelord frå Norge (Vangskyrkja) til Kina (Vonheim). Og me rakk å førebu oss litt på innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

I løpet av helga hadde me med oss ein heil flokk frivillige leiarar frå Refleksmiljøet, frå tidlegare leiarkurs og frå kyrkja.




T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

BARNAS

Labyrint

Kan du hjelpe Gulliver gjennom labyrinten?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**





– Klarar du å
teikne ein rett strek
med ein linjal?
– Sjølv sagt!
– Godt gjort! Eg
klarar det ikkje
utan blyant.

Finn fem feil!

Her feirer dei første kristne nattverd. Dei to bileta er
nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Asbjørn Tønnesen



Vitsar

Eit egg fekk
sjå seg sjølv i eit
speil.
– Å nei, eg har blitt
eit speilegg!

– Pass deg
for trappa!
– Kva for ei
trapp-app-app-
app ...

Påskevandring med Misjon og Mosjon

Tekst og bilete: diakon Sigrid D. Mala

Misjon og mosjon hadde ei flott påskevandring på Urdland.

Ein flott ettermiddag der ei gruppe på 15 stk fekk oppleve ei fin vandring gjennom påskeevangeliet i ord, salmar og visualisering så naturleg i hagen til Berit Hauge Våle og Nils Våle, og avslutta med å få koma inn i ei varm stove med varme bollar, kaffi og te. Takk for stor gjestfridom til vertskapet og ei fin stund til alle som deltok.



Illustrasjonsfoto

En ferie å glede seg til

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig

VIPPS en gave til **13130** (merket **FERIE**)
gi på konto **3201 52 74165**

 **Blå Kors**


Vårkonsert i Evanger kyrkje

Tekst og bilete: Gunn Horvei

Tysdag 29. mars heldt Evanger musikklag vårkonsert i kyrkja på Evanger. Konserten vart arrangert i lag med soknerådet. Musikklaget baud på eit variert og spennande program, alt frå bårsull og rallarvise til bruremarsj. Vemund Styve spelte bukkehorn og Tora Daugstad Wik var solist. Eit par allsogar vart det og; "No livnar det i lundar" og "Den fyrste song". Det vart ei hyggeleg oppleving for publikum, som etter to år utan konsertar endeleg kunne nyta musikken igjen. Frode Vik spelte orgel og dirigent var Marius Fevang Thorstensen.



Ein fin gest var at kollekta ved utgangen gjekk til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for dei krigsråka i Ukraina.



Bilete: Åshild Bøe Kharazmi

Reis meir kollektivt

Tekst: Arne Mosefinn

Her i Voss har me mange fine og interessante turmål som kan nåast med kollektive reisemiddel, som buss og tog. Eg vil her nemna nokre.

Raundalen med tog:

Oppover Raundalen går det mange lokaltog som stoggar på alle stasjonar og haldeplassar heilt til Myrdal. Første stoppestad etter Urdland er Øyeflaten. Herifrå kan du gå ned til Raundalen kyrkje, følgja bilvegen eit stykke oppover, ta over brua over Raundalselva og gå til stølen Liaset. Neste stoppestad er Skiple. Her er mange ruter å velja mellom. Ein går nordover til Vatnaset. Det er veg på begge sider av Skipleselvi, så ein kan gå opp den eine og ned den andre.

Viss ein går bilvegen eit stykke, kan ein ta av på stølsveg og gå sørover til Bjørnset og Horndalen under Horndalsnuten. Ein kan og følgja bilvegen eit stykke til, gå over brua over jernbanen, svinga litt tilbake på andre sida og så følgja den gamle raundalsvegen til Reime. Herifrå går ein ned til Reimegrend stasjon og tek toget heim att.

Frå Mjølfjell kan ein gå over elva og opp til Vesetvatnet. Dette er ei T-merka rute som fører heilt til Sotnos på Ulvik-høgda, men herifrå må ein ha privat skyss. Ein kan i staden gå til Slondalen og ned til Mjølfjell ungdomsherberge, opp til Ørnaberget haldeplass og ta toget heim att. Begge desse turane

er lange, så ein må vera sikker på å nå siste toget ned att.

Stasjonen etter Mjølfjell er Ljosandbotten. Herifrå kan ein gå opp Ljosanddalen til Borgarbu og Borgarbuvatnet. Denne turen er T-merka. Vil ein ta ein lengre tur, kan ein gå over Eilivseggi og ned att til Uppsete. Då får ein ein fin rundtur, men det kan vera ein del snø att i fjellet, for du kjem opp i over 1300 moh.

Frå Uppsete kan ein gå til Kaldevasshytta på T-merka sti. Frå Uppsete kan ein og gå til Myrdal gjennom Ugjerdsdalen. Frå Myrdal kan ein også gå til Kaldevasshytta på T-merka sti – og ned att til Uppsete. Alle desse turane går i høgfjellet, med fare for at det ligg att snø nokre plassar.

Frå Uppsete eller haldeplassen Vieren litt før, kan ein gå (eller sykla) langs Rallarvegen ned att til Mjølfjell – eller sykla heil til Voss om ein vil. Frå Vieren kan ein og ta ein avstikkar langs stølsveg og sti til Slondalen. Dette er eit særst fint stølsområde. Her er heilt sikkert mange fleire stolar og turområde som kan nåast om ein berre tek føre seg kartet

og leitar. Det viktigaste er at ein studerer togrutene slik at ein ikkje vert ståande utan skyss heim att.

Ein annan gong vil eg fortelja litt om reisemål ved hjelp av buss.

Uppsete.
Foto: Svein Ulvund



 VOSS SPAREBANK - skapar verdier for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - 56 52 03 00	 myrkdalen.no	 Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 – med tilbod til liten og stor
Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.   VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING	Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar VIRKE GRAVFERD  Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67	 AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourceing
 Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	 Voss Energi -rein vossakraft!	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
 vinjo	 Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35	GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med:  Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099
Nordhordland Begravelsesbyrå AS Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no VIRKE GRAVFERD Stort utvalg i blomster og gravminne! KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70 Me går saman med deg heile vegen	 Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96	Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16
Din røyrleggjar i sentrum Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårubukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument. Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766	 Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995
Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjennytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.		 Anleggsgartnar og trepleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no
 HMV Maskin EIK Senteret Voss	 Stille tradisjonar, ny næring	

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Granvin sokn:

24.04 Aslak Østerbø Jørdre

Oppheim sokn:

03.04 Ranveig Kronstad Årnot

Vinje sokn:

27.03 Solveig Teigen Straume
27.03 Olai Stue Sandvik (døpt i Årdal kyrkje)
24.04 Synne Nesheim

Voss sokn:

20.03 Ane Ravndal Dyrkolbotn
20.03 Sondre Bystøl Moen
20.03 Aksel Hartveit Tveite
20.03 Sigrid Nedkvitne Flatekvål
30.03 Lisa Trosvik
17.04 Albert Bøe
17.04 Ella Bøe
17.04 Oline Horvei Røkenes
24.04 Isak Agledal
24.04 Ida Selje
24.04 Knut Dale Ese

DØDE

Voss sokn:

12.03.2022 Kurt Ove Christensen, f. 1956
14.03.2022 Per Helleve, f. 1942
22.03.2022 Josef Fjose, f. 1923
22.03.2022 Martha Vike, f. 1927
24.03.2022 Eilif Henriksen, f. 1926
25.03.2022 Magne Prestegard, f. 1943
26.03.2022 John Mossefinn, f. 1942
29.03.2022 Brita Vinsand Bøe, f. 1932
03.04.2022 Ingrid Kolltveit, f. 1923
03.04.2022 Oddvar Vaksdal, f. 1946
07.04.2022 Torunn Grønsberg, f. 1945
07.04.2022 Lars Atle Brunborg, f. 1951
13.04.2022 Astrid Veka, f. 1925

15.04.2022 Birger Lydvo, f. 1925
18.04.2022 Ragnhild Kjellaug Kyte, f. 1936
23.04.2022 Knut Hjørnevik, f. 1956

Oppheim sokn:

13.03.2022 Knut Hjørnevik, f. 1937

Vinje Sokn:

10.03.2022 Olav Hole, f. 1940
20.03.2022 Knut Nesheim, f. 1939

Granvin sokn:

12.03.2022 Målfrid Ystanes, f. 1924

VIGSLA

Vangskyrkja:

30.04 Camilla Bruvik og John Andre Straume

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døpt.

Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste. Ein kan t.d. låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida **www.voss.kyrkja.no/dåp**



Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

- 17.05 kl 1030** Gudsteneste. Sandvik.
12.06 kl 1500 Gudsteneste. Bedehusbasar. Kvamsøe.

Evanger kyrkje:

- 17.05 kl 1230** Gudsteneste. Sandvik.
26.05 kl 1100 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe.
26.06 kl 1700 Gudsteneste. Bø.

Granvin kyrkje:

- 17.05 kl 1100** Festgudsteneste. Haaland.
29.05 kl 1100 Gudsteneste. Haaland.
05.06 kl 1100 Høgtidsgudsteneste. Haaland.
26.06 kl 1700 Gudsteneste. Hellesøy.

Oppheim kyrkje:

- 17.05 kl 1200** Gudsteneste. Torsvik.
12.06 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.
19.06 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.

Raundalskyrkja:

- 17.05 kl 1300** Gudsteneste. Hellesøy.
19.06 kl 1200 Skiplestevne (Skiplø). Torsvik.

Vangskyrkja:

- 17.05 kl 1100** Gudsteneste. Hellesøy.
22.05 kl 1100 Gudsteneste. Vossakyrkjemesse. Hellesøy.
26.05 kl 1100 Gudsteneste. Sandvik.
29.05 kl 1100 Familiégudsteneste. Sandvik.
05.06 kl 1100 Gudsteneste. Hellesøy.
06.06 kl 1900 Ungdomsgudsteneste. Leksvik.
12.06 kl 1100 Gudsteneste. Kyrkjekaffi. Sandvik.
19.06 kl 1100 Gudsteneste. Skutlaberg.
26.06 kl 1100 Gudsteneste. Øystese.

Vinje kyrkje:

- 17.05 kl 0945** Gudsteneste. Torsvik.
26.05 kl 1930 Gudsteneste. Ung messe. Torsvik.
26.05 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.
26.06 kl 1100 Gudsteneste. Torsvik.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).



Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no.

Aktivitetskalender

T-dagar:

- 29. mai kl 11:** T4 for Voss sokn.
3. juni kl 17: T9 "På sporet av Heilag Olav" for Voss sokn.
10. juni kl 17: T12/13 Miljøagentar for Oppheim og Vinje sokn.
12. juni kl 11: T9 og T12/13 for Oppheim og Vinje sokn.

Seniortreff i Vonheim:

- 14. juni kl 12-14**
Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.